

## Berge - Storberge (gnr. 43)

Namnet viser tilbake til ein gamal stor opphavsgard Berg dativ Berge, uttala Berje.

For opphavsgarden talar, forutan namnet, det store samla jordbruksarealet som lenge låg til garden. Så seint som i 1865 var jordbruksarealet i Storberje og Vehlberje med dei samla tilliggande bruk tilsm. Kring 1500 mål. Det var sikkert det store jordbruksarealet som gjorde at garden både i tale og skrift ofte vart kalla Storberge.

I skrivne kjelder finn ein berge omtala i diplom av 1385, 1408, 1410, 1439 1442. Det var her på garden at EDivind Bassesson og Roar Gunnarsson i 1385 var vitne til at Brynhild Toresdtr. Selde 6 øresbol jord i "Sydre Berghe" til Nicolaus Gyrsson. Det var og her på sydra Bergieno at Halvard Ogmundsson vitna at han hadde teki imot 30 kyrlag av Haldor Roarson fordi Haldor "uforsynio", i aktløyse, hadde liggi med kona til Halvard. Og dette var inga sak som vart stukke under stol, for kongens umbodsmann hadde og oppebore det fastsette sakøre. – Her på garden var det vidare at bonden på Skårset, Lavrans Eysteinson, i 1410 gav grannen sin, Haldor Roarsson, eit kvernstøe som låg sunnanfor sydra Berge og ovanfor "Skurfuesæter".

I 1442 er "nørdrå Bergh" omtala. Namna "nørdrå" og "sydra" Berg, Berge viser og tilbake til opphavsgarden.

I 1528 heitte og brukaren på "Berig" søre Haldor. Han betalde da den ekstra sølvskatt Gjengjerden med 1 lodd sølv, som t. d. Haldor Lunde og Claus Bjørstad.

Berge i Ålgrenda hadde ei glanstid på 1600-talet under to brukarar som båe heitte Peder. Etter odelsmannsmanntalet av 1615 var Peder "Berigh" stor jordeigande bonde. Han åtte da 3 huder i Berig, 1 hud i Mellem 4 skinn i Høstmælingen 8 skinn i Besserud og ei hud i Spikedal i Furnes, tilsm. 5½ hud. – Atten år seinare hadde Peder Behrig i 1633 under den "siste feide" forstrekt Kongen med 10 lodd sølv. Til vederlag for dette fekk han så jordegods 1½ i Høstmælingen, som han samtidig overlet til son sin, Knut Pedersen.

I 1657 hadde Peder Berge d. y. tatt over som brukar, og buskapen på garden var da 1 hest, 2 hopper, 14 naut og 16 sauer.

Etter atter elleve år kom i 1668 den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om "Berge" fortalt at brukaren ganske riktig heitte Peder, at landskylda av garden var 3 huder, og at bonden sjølv var eigar av alt. Om garden og gardsbruket er det vidare fortalt at enga, innmarka var god, at det var skog nok til gards bruk, og at korntienda vart utreidd med 3 tdr., som altså svara til ei årsavling på 30 tdr. Buskapen av store husdyr var da 5 hestar og 32 storfe, og garden hadde alt da seter og somarbeite åt krøtera på Melsjøen seter. Peder Berge var og brukar på garden 10 år seinare. Det er da opplyst at leiglingsskatten av ein gard på storleik som Bergevar 3 huder og 7½ rd. i pengar.

Frå 1710 er ei sak som kjenneleg et oss tlbake i tida. Saka er elles eter utskrift av tingboka referert slik:

"Berget store i Fåberg.

7. juli 1710.

Rasmus Pedersen Storberge lot opplese de høibyvende renteherrers skrivelse av 1. mars 1710 ang. at Kongl. Mayt. Har bevilget Rasmus Pedersen ved res. Av 18. febr. å innløse 9 skind odelsjord i grd. Storberge, som hans bror Oluf Pedersen tilkom efter deres far, men som på grunn av at av Oluf Pedersen begått drap i 1696 var Kgl. Mayt. hjemfalden. Løsningssummen 30 rd. er betalt iflg. stiftsamtskriverens påtegnede kvittering av 21. mars 1710."

Frå seks år seinare er eit skjøte som tydeleg fortel at Rasmus Berge hadde kjøpt jordgods til ½ hud av Peder Smedsrud og Iver Ersgard og lagt godset til garden, som altså framleis var i veksande.

Sju år seinare kom i 1723 det nye matrikkelframlegget med fleire opplysningar om garden. Der er det m. a. fortalt at "Berge" ligg i sollia, og at jordarten der er god, men garden er tungbrukt. Det var skog nok til brenneved og gjerdefang og litt til hustømmer. Setra til garden hadde god hamn, men det var ingen utslåtter. Den årlege høavylinga utgjorde da ca. 50 lass, og husdyrhaldet i den tid var 4 hestar, 2 føl, 24 naut, 30 sauer og 20 geiter. De er elles opplyst at garden hadde eiga kvern og fiskeri i Laugen elv. Vidare er det oppgitt at det da var 1 husmannsplass med brukande jord der.

Seksten år seinare var husbonden Rasmus Pedersen død, og det var den 27. april 1739 skifte på "Berget store Faaberg", som gardnamnet da var skrivi. – Av dette skiftet går det fram at Rasmus Pedersen hadde vore gift to gongeer, først med Anne Kristensdr. Og så med Ingebor Thomasdr. Borna hans var: i 1. ekteskap: Peder, som var 27 år, Kristen 25½ år, Guneld, som var gift med Lars Larsen Gjeistad, Kiersti, g. m. Nils Evensen, Goro, 22 år, 2. ekteskap: Eli, 20 år. – Sonen Kristen som her er nemnd, kom på avveggar og vart dømt for tjuveri til "å miste sin hud på kagen" og til "arbeid på en festning i 3 aar".

Enka Ingebor Thomasdr. brukte garden sjølv i to år, men i 1741 gav så ho og borna skjøte til eldstesonen Peder på grd. Storberge av skyld 3 huder for kjøpesum 236 rd. Det er i skjøtet opplyst at Goro Rasmusdr. da var gift med Jon Arnesen Breiset, og Eli Rasmusdr. var gift med Johannes Larsen Horn. I samband med overtainga av garden lånte kjøparen Peder Rasmussen 296 rd. av tingskrivar M. Nimb mot pant i Storberge av skyld 2 huder 6 skinn. Det synt seg elles snart at Peder Rasmussen Storberge fekk vanskar med økonomien, og i 1742 gav han så pantebrev til Erik Pedersen Lilleberget, Sørhove, for 50 rd. mot 1. pr. pant i Storberge av skyld 1½ hud. Fem år seinare overtok elles Thord Pedersen Ersgård med hustru og arvingar denne halvdel av garden, Storberge av skyld 1½ hud for kjøpesum 500 rd. I dette skjøtet er det dessutan gjort det atterhald at dersom og kona hans vil selja sin halvpart av Storberge att, skal ho først by garden fram til Peder Storberge eller arvingane hans for kjøpesummen 500 rd.

På denne måten var altså Storberge av skyld 3 huder i realitetet vorte delt i to like store gardar med kvar sin skyld på 1½ hud. –

I 1751 finn ein for første gong Storberge Nedre Stue omtala. Nils Evensen Skrefsrud, som var gift med Kiersti Rasmusdr., hadde da innstemnt oppsittaren Thord Pedersen, og det vart ei større sak.

Johannes Pedersen, den nye eigaren av Storberge, hadde garden berre ei kort stund. Da gav han i 1762 skjøte til Petter Christiansen Møller på grd. Storberge av skyld 2 huder 8 skinn for kjøpesum 1498 rd.

Den nye eigaren hadde elles ikkje Storberge meir enn i to år. Da selde han i 1765 garden Storberge att til Kristen Nilsen Bergebakken med hustru og arvingar for 1312 rd. I samband med handelen lånte så "Christen Nielsen boende på gården Storberge i Lillehammer anneks til Fåberg prestegjeld" 350 rd. av Amund Ersgård og 350 rd. av Peder Olsen Fagstad mot 4 % årlig rente og 1. pr. pant i "sin eiende gård Storeberg av skyld 2 huder 8 skind".

I 1771 finn ein gardnamnet skrivi Stoerberget. Kristen Nilsen som da åtte både Storberge og Bergebakken lånte da 300 rd. i Faaberg kyrkjekasse mot 4 % årleg rente og 2. pr. pant i Stoerberget av skyld 3 huder som før i tida. Denne obligasjonen vart i 1784 høgda til 599 rd. mot 1. pr. pant i Storberge av skyld 3 huder, som Kristen Nilsen altså framleis hadde.

Kristen Nilsen brukte Storberge til i 1791. Da gav han skjøte til son sin Nils Kristensen på garden Storberge av skyld 3 huder for kjøpesum 1700 rd. + føderåd til foreldra sine av grd. Storberge.

Plassen Sveen under "Berget store i Faaberg" er nemnt i 1753. Brukaren der heitte da Kristen Jonsen Sveen og kona hans Kari Paulsdr. Men i 1751 var Kari død, og det var skifte i Sveen, Bergesveen. Noko verte av skiftebuet er ikkje oppgitt, men arvingane var forutan enkemannen Kristen Jensen dei 3 borna i ekteskapet: Berit, 7 år, Jon, 4 år og Paul, 1 år. – Frå 1769 eer ei sak der det er opplyst at ei seterlykkje, "Bergebakkens sæterølle", da vart tillagd Sveen, Bergesveen. – I 1795 var det Kristen Nilssen Sveen som brukte Bergesvea. Han og husbonden i Storberge, Nils Kristensen, hadde da ei sak om Kristen skulle flytte frå plassen, men saka vart tilslutt ordna ved forlik.

Nils Kristensen hadde Storberge til i 1798. Da gav han skjøte til Christen Christensen Nordre Lunde på grd. Storberge av skyld 2 huder 8 skinn for kjøpesum 2950 rd. Frå kjøpet var elles da unntatt plassen Andersstua og Bergebakkens nordre seterlykkje, tils. av skyld 4 skinn. Dessutan forplikta Christen Christensen seg til å svara føderåd etter kontrakt til dei gamle føderådsfolka Kristen Nilsen og Anne Pedersdr. – I samband med handelen lånte elles kjøparen 2599 rd. av Peder Hammerseng mot 2. pr. pant i Storberge av skyld 2 huder 8 skinn og mot 1. pr. "i alt løse samt 1 års avling". Denne obl. vart elles avlyst alt 16. juni 1800. Andre handlar i denne tid var at den nye eigaren av Storberge straks han overtok, selde til Asbjørn Ellevsen Skårset husmannsplassen Bergesveen, som ve skyldsetningsforretning vart skyldsett til 4 skinn. Kjøpesummen for Bergesvea var da 499 rd. – Kjøparen Asbjørn Ellevsen hadde heller ikkje den nye garden sin lenge. To mnd. Seinare selde han Bergesvea att til Arne Olsen for kjøpesummen 500 rd.

Året etter, altså i 1799, gav Nils Kristensen Storberge skjøte til Lars Johansen ved Øyre på "pladsen Andersstuen tillikemed Bergebakkens nordre akerløkke, av skyld 4 skind for 599 rd."

Etter atter eitt år var det i året 1800 fleire tinglyste saker vedk. Storberge. Av 4. jan. 1800 er såleis ei kontrakt, som etter utskrift har denne ordlyden:

"Berget, store

Kontrakt dat. jan. 4., tgl. 1800, juli 31.

Mellem Christen Christensen Storberge og Thomas Olsen Bjørstad ang. følgende: Da vi er bleven forenede om at bytte SætterBoliger med Lunde og Bjørstad, saa skal herefter Dags Sætterboliget paa Gropen følge og tilhøre med alle sine til- og underliggende Herligheder intet undtagen i nogen Maade tilhøre gården Biørstad til Odel og Eiendom saa at nordre Lunde herefter nyder setter boelig paa bemeldte sted. Derimot skal setterboliget paa Nordsætteren som har tilhørt Biørstad herefter tilhøre nordre Lunde og Thomas Olsen Biørstad fra min side og jeg Christen Christensen Storberge fra Gaarden Lundes Side hiemle hinanden dette Bytte hver fra sin side at det herefter ubrødelig skal blive staaende".

Eit halv år etter gav Christen Christensen skjøte til Jørgen Joensen på grd. Storberge av skyld 2 huder for kjøpesum 2999 rd., og samtidig lånte kjøparen 2499 rd. av Peder Jørgensen Hammerseng mot 2. pr. pant i garden Storberge. Kjøparen Jørgen Joensen er elles i panteobligasjonen kalla Jørgen Joensen Skaarsetødegaard.

Tinglyst samtidig med obligasjonen vart og eit skjøte fra Christen Christensen Berge til Jens Schieggestad på plassen og englandet Storsveen, som og låg til Storberge, for kjøpesum 830 rd. Ved skyldsettinga vart skylda av Storsveen satt til 4 skinn, og da dette var meir enn 1/9 av skylda på Storberge, så følgde 1/9 av heimraster og heimhage med i kjøpet.

Tinglyst samtidig, den 17. juni 1800, vart og ein bygselseddel frå Christen Christensen Storberge til husmann Ole Christensen og hustru Kirsti Iversdr. på plassen Teppen "saa lenge de lever mot en husleie av 7 rd."

I denne tid varr den store folketellinga av 1801. Der er merkeleg nok Christen Nielsen oppført som husbonde i "Storberge", og Jørgen Jensen er oppført som husmann. I alt budde det da 11 familiar med tilsam. 38 medlemmer i og ved Storberge. Det var:

1. familie: 1. Christen Nielsen, husbonde, 67 år, 2. Anne Pedersdtr., kona hans, 56 år, 3. Anne Christensdtr., dotter deres, 21 år.
2. familie: 1. Jørgen Jonsen, husmann med jord, 35 år, Eli Jonsdotter, kona hans 27 år, 3. Anne Jørgensdtr., dotter deres, 5 år, 4. Kiersti Jørgensdtr. dotter deres, 2 år, 5. Ole Jonsen, tenestekar, 62 år, 6. Kari Bårdsdtr., enke, tenestkvinne, 59 år, 7. Kari Baardsdtr., dotter hennar, tenestkvinne, 17 år, 8. Kjersti Olsdtr., "nyder Almisse", 80 år.
3. familie: 1. Lars Johansen, husmann med jord, 44 år, 2. Kjersti Jensdtr., kona hans, 30 år,
4. familie: 1. Lars Larsen, husmann med jord, 63 år, 2. Anne Lisbeth Olsdtr., kona hans, 53 år, 3. Peder Larsen, son deres, 15 år.
5. familie: 1. Ole Christensen, husmann med jord, knappmaker, 28 år, 2. Kjersti Iversdtr., kona hans, 28 år, 3. Berthe Olsdtr., dotter deres, 2 år, 4. Ole Olsen, son deres, 1 år,
6. familie: 1. Ole Nielsen, innerst utan jord, skredder, 63 år, 2. Sidsill Syverdtr., kona hans, 63 år,.
7. familie: 1. Ole Olsen, innerst utan jord, "gaaer i Dagleie", 45 år, 2. Goroe Larsdtr., kona hans, 50 år,
8. familie: 1. Chrisen Larsen, husmann med jord, 59 år, 2. Kirsti Olsdtr., kona hans, 60 år, 3. Johannes Rasmusen, sonen hennar, 14 år.
9. familie: 1. Christopher Michelsen, husmann med jord, 53 år, 2. Kari Jermundsdtr., kona hans, 43 år, 3. Berit, dotter deres, 12 år, 4. Peder, son deres, 6 år.
10. familie: 1. Ole Pedersen, husmann med jord, 57 år, 2. Mari Ellingsdtr., kona hans, 48 år, 3. Eli, dotter deira, 18 år, 4. Peder, son deira, 3 år.
11. familie: 1. Thorger Olsen, innerst utan jord, "gaaer i Dagleie", 46 år, 2. Marit Olsdtr., kona hans, 50 år, 3. Anne, dotter deres, 10 år.

Ein merker seg at både Bergesvea og Andersstua alt da var unnaselde fra garden, var det framleis 7 husmannsplassar med jord til ved Storberge.

Frå to år seinare er derimot ei kontrakt der det tydeleg går fram at det da var Jørgen Jonsen eigar og brukar av Storberge. Kontrakta, som m. a. gjeld plassen Kjølgaard, er elles sålydende:

"Berget store.

Kontrakt dat. 1803, juni 13. Tgl. 1804, jan. 28. mellem Jørgen Joensen Stoerberget og Christen Larsen ved Stoerberget. – Jørgen Joensen forplikter sig eller hvem som gården bruker å la husmannen Christen Larsen årlig nyde et mål aker under Bakageren i Stoerberget som han selv har bryte op. Jørgen Joensen skal kjøre bort stenen, pløie det, oghvert 6. år gjødsle det Christen skal selv sørge for sædekorn, og innhøstningen besørger han også selv, men han kan låne hester av Jørgen Joensen til å kjøre inn avlingen. Halmen beholder gårdens bruker. Når Christen dør, falder dette tilbake til gården igjen. Herimot skal Christen Larsen ryddiggjøre og fravike plassen Kjølgaard med huser og videre undtagen løsøre."

Jørgen Jonsen var framleis brukar i Storberge i 1813. Han hadde da lånt 200 riksbankdalar av Erik Svensen. Men sju år seinare var i 1820 Jørgen Jonsen død, og det var avsluttende skifte etter han på "Berget store i Faaberg". Ved dette skiftet vart garden Storberge taksert til 1400 Spd., og buet utgjorde brutto 1928 Spd., men netto berre 116 Spd. Arvingane ved skiftet var da eldste dottera, Anne, gift med Ole Gundersen, søstera Kirsti var 20 år, søstera Johanne var 17½ år, og søstera Marte var 14½ år.

Same året fekk og Ole Gundersen og kona hans Anne Jørgensdtr. skjøte ved sorenskriver Møinichen på grd. Storberge for 1400 spd. Nettopp i denne tid kom elles matrikkelframlegget for Fåberg fra 1819 med fleire detaljerte opplysningar om gardane. Der er det om Storberge fortalt at buskapen av store husdyr på garden i den tid var 8 hestar og 24 naut, og den årlege kornavlinga var da ca. 90 tdr. Samtidig er det vidare fortalt at i Bergesveen var dei tilsvarende tal: 3 storfe og 10 tdr. korn, og i Andersstuen: 1 hest og 5 naut og den årlege kornavlinga ca. 12 tdr. – Fem år seinare gav i 1824 Ole Gundersen skjøte til Lars Jensen på 1 hud og 1 skinn i Storberge etter at nokre jordstykke skyldsett til 1 skinn var unntatt fra salget.

Ved matrikuleringa i 1839 var det vorte 7 løpenr. Under matr. nummer 130, Berge store, det var løpenr. 165a Berge store av ny skyld 10 skylddaler ? ort 11 skilling, som Lars Jensen framleis hadde, løpenr. 165b Berge store av skyld 2 ort 14 skl. med Halvor Lunde som eigar og brukar, løpenr. 165c Berge store av skyld 2 ort 14 skl. med Ole Pedersen Hove som eigar og brukar, løpenr. 165d Stor-Berge, skyld 3 ort 21 skl., som og Ole Skjeggstad hadde, løpenr. 166 Bergesveen, skyld 1 dlr. 17 skl. med Ole Arnesen som eigar og brukar, løpenr. 167 Andersstuen, skyld 1 dlr. 3 ort 13 skl. med Iver Rasmussen som eigar og brukar og løpenr. 161b Storsveen av skyld 1 dlr. 4 ort 23 skl., som Ole Skjeggstad var eigar av.

Ole Arnesen Bergesveen, som er nemnd her ovanfor, var fødd i 1798 og vart i 1822 gift med enka Anne Gundersdtr. Storberge f. 1794, og dei fekk mange born. Det var: Sessel f. 1822, 2. Ole f. 1825, 3. Berte f. 1825, 4. Sønnøv f. 1827, gift med Hans Arnesen Roterud, 5. Johanne f. 1828, g. m. Kristian Arnesen v/Lekshus, 6. Gulbrand f. 1831, g. m. Karen Olsdtr. Bue. f. 1839- Den 12. jan 1834 var det avsluttende skifte etter avdøde Kjersti Jensdtr. og mannen hennar Avdøde Lars Johannessen i Andersstuen. Ved dette skifte utgjorde dødsbuet brutto 506 spd. og netto 330 spd. Arvingane til kona var: 1. broren Nils Jenssen, som oppheldt seg i Kjøbenhavn, 2. broren Rasmus Jensen, som var 50 år, 3. borna etter broren Halvor Jensen, og desse var: a. Jens 28 år, b. Ole 19 år, c. Marit g. m. Halvor Langset, d- Anne g. m. Nils Eriksen, e. Berte 22 år og ugift. 4. broren Peder Jensen, som da var 39 år. – Arvingane til mannen var: 1. borna etter broren Ole Johannessen, og dei var: a. Peder Øyjordet, 50 år, b. Johannes Olsen i Trondheim, 47 år, c. Christen Olsen 44 år, d. Torsten 36 år. 2. borna etter broren Johannes, og dei var: a. Peder, b. Johannes, 34 år, c. Anne 42 år, ugift, d- Kari enke, e. Sigrid 38 år ugift, f. Marit 36 år ugift, 3. søster Marte g. m. Rasmus Gjettestad, 4. søster Anne g. m. Ole Skjelrudstuen, 5. søster Aaste, enke.

I 1844 var det to skifte i Bergegrenda: i Bergebakken var Lars Larsen død, og det var skifte der den 17. mai. Arving ved skiftet var enka Anne Jørgensdtr., og buet utgjorde 281 spd., men skulda var, som ofte ved skifte etter føderådsfolk, større enn eiga, nemleg i dette tilfelle 295 spd. – Den 11. juni same året var det skifte i Storberge, der Ole Gundersen var død. Arving ved skiftet var der enka Anne Jørgensdtr., og aktiva i buet utgjorde 283 spd., men også der var skulda større enn eiga, nemleg 554 spd.

Lars Jensen, som hadde Storberge av skyld 10 dlr. 3 ort 11 skl. i 1839, selde i dei år som da kom fleire, også store, parsellar av garden. I 1840 gav han såleis skjøte til Tord Christensen Smestad på parsellen Stuejordet, same året selde han parsellen Nordenget til Peder Thomasen Gjettestad. Ein parsell skyldsett til 2 dlr. 2 ort 12 skl. vart i 1842 seld til Ole Asbjørnsen, og så å seia samtidig fekk Kristen Kristensen skjøte på plassen Hagen med Topåkeren. Videre vart og plassen Olasveen seld til Halvor Haagensen, som to år seinare selde plassen vidare til Lars Larsen Bergebakken. Etter atter tre år gav så i 1847 eigaren Lars Jensen skjøte til svigerson sin Arne Olsen Rustaden på også ein parsell av Storberge.

Andre handlar i denne tid var at Ole Arnesen Bergesveen i 1856 gav skjøte til dotter si Anne med tilkommende mann Ole Pedersen Storsveen på grd. Bergesveen for kjøpesum 400 rd, + føderåd verdsett til 200 rd. Frå same året er og ei kontrakt mellom oppsitterane på gardane nedre Smestad og Bergesveen om dele av skog” i de saakalste Hjemraster paa østre side i

Faaberg.” Frå seks år før er elles eit makeskifte av to skogteigar mellom nedre Smestad og Bergesveen på den eine side og Sundgarden og Aasen på den andre sida.

Tord Christensen Smestad, som kjøpte parsellen Stuejordet i 1840, hadde bruket til i 1847.

Etter dette var det ved jordbrukstellinga i 1865 elleve sjølvstendige jordbruk under Storberget.

Det var: 1. Storberge som Lars Jensen framleis hadde, var der jordbruksarealet av åker, eng og seterlykkje da var ca. 120 mål. Av dette var elles 47 mål jord av 1. klasse. 2. På Storberge som Jørgen Olsen hadde, var dei tilsvarande tal: 123 mål og 61 mål. 3. På Storberge hos Ole Asbjørnsen : 53 mål og 22 mål. I Storberge hos Ole Eriksen og Nils Nilsen: 46 mål og 16 mål. 4. I Nordengen hos P. Gjettestad: 44 mål og 13 mål. 5. I Olasveen hos Kristen Larsen: 20 mål og 7 mål og 6. I Sveen hos O. Pedersen: 24 mål og 7 mål. Dessutan var det tilsvarande jordbruksareal på Storsveen og Kjølgård tilsaman 175 mål og 34 mål, i Bergesveen 82 mål og 15 mål og i Andersstuen 83 mål og 22 mål. Tilsaman var dette eit jordbruksareal på 770 mål.

Vidare er det samtidig opplyst at det samla husdyrhaldet på dei same gardane var 9 hestar, 42 storfe og 70 småfe, og utsæden av korn var 23 tdr. og av settepoteter 25 tdr.

Lars Jensen Storberge hadde i 1863 selt plassen Hagen med Toppåkeren til Nils Nilsen Jørstad. Elleve år seinara gav i 1874 P. Gjettestad skjøte til Kristian P. Gjettestad på sin del av Nordengen, og i 1881 kjøpte så Hans Kristiansen Rindal hovedbruket Storberge løpenr. 165a for 19.200,-. – I Andersstuen gav i 1867 Iver Rasmusen skjøte til son sin Lars Iversen, og og kjøparen hadde så garden til i 1879. Da selde han Andersstuen til Lars Pedersen Gjettestad for kr. 3.000,-.

I 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matr.skyld rekna i mark og øre, slik at det var 100 øre i 1 mark.

Storberge i Fåberg fekk da gardsnummer 43 med samla matr.skyld 31,42 mark, og det var i 1886 alt 12 bruksnummer under gardsnr. 43 Berget store, som gardnamnet er skrivne i matrikkelen. Dei tolv bruksnr. med eigar ell. brukar og matr.skyld er: Gr.nr. 43, br.nr.1 1. løpenr. 165aaaa, 165aaaaa, 165af av skyld 15,73 mark og med Hans Kristiansen Rindal som eigar ell. brukar: br.nr. 2 Nordengen, skyld 2,35 mark, eigar ell. brukar: Kristian Pedersen Gjettestad, br.nr. 3 Hagen med Toppåkeren, skyld 0,39 mark, eigar ell. brukar: Nils Nilsen Jørstad, nr.nr. 4. Berget store og Stuejordet, skyld 1,89mark, eigar ell. brukar: Halvor Fredriksen, br.nr. 5 Olasveen, skyld 0,90 mark, eigar ell. brukar: Kristen Larsen, br.nr. 6 Olasveen, skyld 0,90 mark, eigar ell. brukar: Ole Kristiansen, br.nr. 7 Kjølgård og Storeveen. Skyld 4,33 mark, eigar ell. brukar: Jonathan Jørstad, br.nr. 8 Berget store, skyld 0,29 mark, eigar ell. brukar: Hans Rindal, br.nr. 9 Bergebakløyken, skyld 0,39 mark, eigar ell. brukar: Hans Olsen Olasveen, br.nr. 10, Sveen, skyld 1,67 mark, eigar ell. brukar: Ole Pedersen, br.nr. 11 Løyken m. m., skyld 0,21 mark, eigar ell. brukar: Ole Arnesen, br.nr. 12 Andersstuen, skyld 2,37 mark, eigar ell. brukar Lars Pedersen Gjettestad.

I det tidsrom vi her har for oss, utvandra det frå Bergegrenda mange til Amerika. Blant dei var Andreas Olsen Storberge, som reiste i 1880. Han var ungkar og fødd i 1841. Året etter reiste og Kristian Iversen Dagsveen, Peder Thoresen Lunde og ungkar Johannes Olsen ved Lilleberge, f. 1868, og vidare same året: Anton Hansen Bergesven, f. 1858, og ugift kvinne Karen Olsdtr, v/Skårset, f. 1865, Mathea Nilsdtr. Bergehagen, f. 1860, og Oline Olsdtr. v/Skrefsrud, f. 1861, utvandra i 1883. Etter atter to år reiste så Oluf Hansen Bergesveen og Lars Andreassen Skårset, og året etter reiste Karen Kristiansdtr. f. 1824, med dei 3 borna sine Agnete Iversdtr. f. 1854, Iver Iversen, f. 1858 og Martinius Iversen, f. 1860. Mannen Iver var truleg reist før. Ekteparet Jens Pedersen og kona Marthe Larsdtr. Afskåkålien med 4 born: Peder, Johannes, Ludvig og Maria utvandra i 1881. Jens var fødd i 1848, Marthe i 1850 og borna var fødd i tidsrommet 1872 – 1880. Ugift kvinne Pauline Fredriksdtr. Finsveen, f. 1865 utvandra i 1887, Kristian Johannesen Rustaden søre, f. 1861 reiste i 1882 og Peder Arnesen

Dagsveen, f. 1867 og Ole Asbjørnsen v/Skårset, f. 1866, utvandra i 1888. Ungkar Ole Arnesen v/Storberge, f. 1869, og Peder Olsen v/Skårset, f. 1865, reiste i 1889, og Gina a Andersdr. på Storberge, f. 1874, Kristian Olsen v/Lunde, f. 1871 og Ingeborg Andersdr. Finsveen f. 1874 utvandra i 1893. –

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da vorte 15 bruksnummer under gardsnr. 43 Storberge. Br.nr. 1 Berget store, framleis av skyld 15,73 mark, var da overtatt av J. Lindstad, somog hadde br.nr. 2 Nordenget. Mathias Amundsen Bergehagen hadde overtatt br.nr. 3 og 8, br.nr. 4 var selt til Anton Andreasen Slåtten, og Kristen Hansen og Ole Kristiansen hadde kjøpt kvar sin av dei to plassane Olasveen. Jonathan Jørstad hadde framleis br.nr. 7Storsveen, men da av skyld 3,85 mark og Peder Kjølgaard hadde br.nr. 13 Kjølgaard. Br.nr. 10 Sveen var det framleis Ole Pedersen som åtte og brukte, men br.nr. 9 Bergebakløyken var overtatt av Hans Olsen Olasveen. Br.nr. 11 Løyken m. m. var seld til Martinius Hansen og det nye bruksnr. 14 Kuruteigen tilhørde Johan P. E. Lindholms enke. Bruksnr. 12 Andersstuen hadde og vore på handel og var da seld til H. Hansen Ravnum, men Andersstuens seter på Melsjøen var det Ole Olsen som åtte.

Av det kommunale manntal for 1901 går det elles fram at den nye brukaren i Storberge, Johan Eriksen Lindstad, da var 52 år og kona hans Ingeborg Kr. Lindstad var 43 år.

Føderådsmannen Halvor Fr. Bergehagen var da 71 år, husmannen Kristian Storsveen var 73 år og husmann Torger Olsen Kjølgaard var 49 år. – Seks år seinare var i 1807 Torger Olsen Kjølgaard framleis husmann ved Storberge, men han var da den einaste.

Av handlar med gardane i Bergegrenda j nyare tid tek vi tilslutt med dette: Peder Kristiansen hadde i 1907 kjøpt gr.nr. 43, br.nr. 16 av skyld 0,96 mark, så å seie samtidig kjøpte og Anton Bergehagen gr.nr. 43, br.nr. 17 Vestre Olasveen, skyld 0,13 mark. Fru Sigrid Hansen kjøpte i 1915 br.nr. 19 Svipop, og Taale Johnsen tilhandla seg br.nr. 19 Vårnæs av skyld 0,15 mark. I tidsrommet frå 1928 – 1938 vart det så vidare selt 10 br.nr. til, deriblant br.nr. 38

Bergesveteigen av skyld 0,10 mark som Eline Holmsen kjøpte i 1934.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det blitt 46 bruksnr. under gardsnr. 43 Storberge. Av desse vat det likevel berre 10 bruk som da hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da.). Det var: Gr.nr. 43 br.nr.1, 2 Berge store, areal ca. 200 mål, eigar og brukar Kr. Lindstad, br.nr. 3, 8 Bergehagen, areal ca. 40 mål, eigar og brukar Kristen Bergehagen, br.nr. 4 Bergehagen, areal ca. 40 mål, eigar og brukar Arne Bergehagen, br.nr. 5, 9, 37 Olasveen, areal ca. 45 mål, eigar og brukar: A. Skjeggstad, br.nr. 10 Bergesveen, areal ca. 40 mål, eigar og brukar: Mathias Bergesveen, br.nr. 11 Bergesveløyken, areal ca. 12 mål, eigar og brukar: Hans Løyken, br.nr. 12 Solaas, areal ca. 45 mål, eigar og brukar Thor Fougner, br.nr. 16 Granli, areal ca. 22 mål, eigar og brukar Peder Granli, br.nr. 32, 35 Kjølgaard nordre, areal ca. 20 mål, eigar Ingrid Skjeum.